

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20162839Oppdragsnr
2016083

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Mjåtveitstø 35	22	26	0	0	Haugland Aslaug (Hjemmelshaver)
	22	52	0	0	Hkh Bygg Og Eiendom As (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	24.08.2017	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring

1: Arealoverføring av omlag 220 m2 frå 22/26 til 22/52.
2: Deling av to bustadparsellar frå 22/52.

Saksbehandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	25.07.2017		

Rekvirent	Rekvisisjonsdato
Haugland Aslaug Hkh Bygg Og Eiendom As	21.11.2016

Habilitet

Landmålararen sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
26-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
26-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
2252-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
22531	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
2253-1A	Umerket Nedsatt i:				
2253-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
2232-1	Umerket Nedsatt i:				
262-1	Umerket Nedsatt i:				
262-2	Umerket Nedsatt i:				
261-1	Umerket Nedsatt i:				
2253-3A	Umerket Nedsatt i:				
2253-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
22951	Kors Nedsatt i: Fjell				
2295-3	Umerket Nedsatt i:				
9	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 25.07.2017 godkjent deling av to parsellar frå 22/52 og arealoverføring frå 22/26 til den eine nye frådelte parsellen, administrativt vedtak sak nr 212/2017.

Oppmålingsforretning vart halde 24.08.2017. Ved forretninga møtte Knut Henanger for 22/32, 52, 53, 95 og 252. Eigar av 22/13, 22/26, eigar av 22/2, eigar av 22/29,46 var også varsla, men møtte ikkje.

Grensene for dei omsøkte parsellane var stukke ut på førehand og påvist under forretninga. Knut Henanger påviste ein gamal kross i fjell, grensepunkt 26-1, som han meinte var eit punkt på linja mellom 22/26 og 22/32 og som skulle utgjera den sørvestre avgrensinga for arealet som skal overførast. Denne krossen har tidlegare ikkje vore koordinatfesta, men stemmer godt med retninga på steingarden som utgjer grensa mellom 22/32 og 22/61 på vestsida og 22/52 og 22/26 på austsida.

I samband med tidlegare oppmåling på 22/52 og 22/53 i 2009 vart det målt inn ein kross i fjell, grensepunkt 9, som ein då meinte var grensa mellom 22/26 og 22/32. Denne krossen ligg 5,87m sørvest for krossen som Knut Henanger påviste. I skyldskifte for 22/32 er det skildra to krossar med ein avstand på 6,15m (bakkemål). Det er mest sannsynleg at det er desse to krossane som utgjer 22/32 si grense, men at 22/26 berre grensar til den nordlegaste krossen, grensepunkt 26-1. Knut Henanger skulle i etterkant prøva å leita fram krossen til 22/32 i grensa mot 22/2. I følgje skyldskiftet skal den vera 17,4m (bakkemål) frå krossen i grensepunkt 9 til grensa mot bnr 2. Det vil då liggja att eit restareal mellom 22/26, 22/2 og 22/32 som mest sannsynleg tilhøyrer 22/1.

Avgrensinga av arealet som skal overførast frå 22/26 mot aust vart fastsett til nytt grensemerke i fjell 10,22m aust for den påviste krossen, grensepunkt 26-2. Arealet som skal overførast ved arealoverføring er utrekna til 201,6 m². Før kommunen kan matrikkelføra arealoverføringa må arealet som skal overførast vera heftefritt. Eigar av 22/26 må difor ordna med pantefråfall av 201,6 m² som skal overførast til ny parsell gnr22 bnr 262.

Dei to nye parsellane frå 22/52 har fått tildelt gnr 22 bnr 261 og bnr 262.

22/261 er matrikkelført med eit areal på 668,8 m².

22/262 er matrikkelført med eit areal på 464,0 m². Etter arealoverføringa frå 22/26 vert arealet på 22/262 665,6 m².

Det var ikkje hensiktsmessig å setja ned nye grensemerker i delelina eller i grensa for 22/261 mot nord pga anleggsarbeid. Påvist grensemerke i fjell, grensepunkt 2253-1, står 0,30m aust for grensa til 22/262 i grensa mellom 22/53 og 22/26. Påvist grensemerke i fjell, grensepunkt 2253-3, står 0,81m aust for grensa til 22/261 i grensa mellom 22/53 og 22/252.

Oppretting av to nye parsellar frå 22/52 er sendt elektronisk til tinglysing i dag. Når pantefråfallet er i orden på 22/26 kan kommunen matrikkelføra arealoverføringa og senda melding til tinglysing saman med skjema "Erklæring om arealoverføring" som partane må fylla ut og returnera til kommunen. Kommunen vil då også retta opp grensa mellom 22/26 og 22/32. Trekanten mellom 22/26, 22/32 og 22/2 vi då verta matrikkelført med 22/1 som eigar.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard. I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på gjennomføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

28.08.2017

Underskrift

Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			